

Referat frå drøftingsmøte rundt justert vegløysing - Holmane næring 30/1 2020

Deltakarar:

Veronica Amer – tiltakshavar
Sigbjørn Reigstad – tiltakshavar
Anna Wathne – plankonsulent Asplan Viak
Kristoffer Lerøy Næset – plankonsulent Asplan Viak
Malene Utkilen – Vestland fylkeskommune
Sigmund Bødal – Vestland fylkeskommune
Hege Løtvit – Vestland fylkeskommune
Ingelin Garen – Statens vegvesen
Lars Ottar Sagstad – Statens vegvesen
Berit Karin Rystad – Osterøy kommune, leiar for sektor for samfunnsutvikling
Pelle Engesæter – Osterøy kommune, leiar for planavdelinga
Wenche-Mari Bliksås – Osterøy kommune, planleggjar

Bakgrunn for møtet:

I samband med 1.gongs høyring av Detajregulering Holmane næring hausten 2019, vart det varsle motsegn frå Statens vegvesen om det ikkje vart lagt fram endringar som Statens vegvesen kunne godta. Det vart gjennomført dialogmøte 30.08.2019 hos Statens vegvesen med Asplan Viak og Osterøy kommune. På bakgrunn av dei tilbakemeldingane og drøftingane som vart gjort i dialogmøtet, har Asplan Viak justert vegløysningane i planen.

Agenda for møtet 30.01.2020 var å presentere ulike vegløysingar og konsekvensar av desse, og bli einige om lande dei grove trekka i ny justert vegløysning. Fylkeskommunen var invitert til møtet grunna ny organisering av vegmynde frå 01.01.2020.

Asplan Viak innleier med bakgrunn og utviklinga av planframleggjet.

Ein av merknadene frå 1.gongs høyring frå SVV som er teken til følgje i den justerte løysinga er å flytte fortauet til austsida av fylkesvegen.

Sanerer dagens avkjørsel til Sjøtroll, reel trafikk til og frå næringsområdet vil gå til og frå Osterfjord sin avkjørsel. Ingen trafikk frå næringsområdet videre sørover i planområdet etter avkjøringa til Osterfjord.

Visar illustrasjon med to felts løysing med kantfelt på begge sider av vegen for å illustrere inngrep på eigedomar i vest.

OK - Rystad fortel om ringverknader for lokalsamfunnet ved å få realisert denne planen, til dømes å flytte småbåthamna, Herlandsfossen familiepark som er på gang, og som satsar på å få gjester til parken via båt til området. Orienterar om Liv og Lyst prosjektet i Fotlandsvåg.

Asplan Viak – Wathe: Småbåthamn, gjestehavn og kystbåthamn. Ved større båter kan dei få låne næringsområdet sin kai. Tiltakshavar skal bidra til reguleringsplanen til småbåthamna som skal flyttast.

SVV – Sagstad: snakker om SVV sitt nye ansvar for trafikksikkerhet for mjuke trafikantar. Galteland bustadfelt som ligg ligger ytterst på neset inn mot Fotlandsvåg, Fjordslottet, Saltverket – ergo vi må sjå på heilskapen i området. SVV har vore på synfaring og påpeikar at det pågår transport inn til området med utfylling. Er avkørsel til området godkjent, med dumping av masser? Saltverket har en plan på høyring no. Masser kjem mest via bilveg, og SVV er mest oppteken av fortausløysingar, deretter får det diskuterast omsyn til avkørsler til bustader i planområdet.

VLFK Løtveit: påpeiker at utviklinga må ta med seg alt, ikkje berre næringa i området. Tenke på at denne vegen er skuleveg i dag. Dei ulike alternativa for løysing må sikre mjuke trafikantar mot skulen. Kva med rekkefølgjekrav?

Asplan Viak - Wathne: snakkar om realisering av prosjekter, og kommenterer at Lars Ottar er skeptisk til tala frå kalkylen. For å realisere trygg strekning, så velter det lasset for kva kostnader som tiltakshavar vil ta på seg.

OK - Rystad: Osterøy kommune er opptatt av mjuke trafikantar, politikarane også. Vi får 50 m her og 50 meter der. Kommunen er avhengig av private investorar som er med på spleiselaget for å få utvikling og nye moglegheiter. Ved å regulere løysingane kan kommunen søkje trafikksikringsmilder. Kommunen må prioritere trafikksikringsmidlane der det bor flest folk. Fotlandsvåg og Haus skule ligg tynt an for nedlegging, og kommunen bruker i dag mykje pengar på skuleskyss.

SVV - Garen: Kven skal være med å bidra til rekkefølgjekrava?

OK – Rystad: Få desse regulerte tiltaka inn på trafikksikringsplan.

VLFK - Løtveit: Informerer om søkbare trafikksikringsmidler og at ein kan setje rekkefølgjekrav som dekker hele tiltaket og deretter søker om midlar for å gjennomføre deler av tiltaket i etappar. Ved å flytte småbåthamna inn mot sentrum vil truleg skape meir aktivitet i området, og sjølv om skulen leggast ned, er det idrettsbane som skaper aktivitet. Trafikksikkerheitstiltak dekker ikkje berre at det er en skoleveg.

Asplan Viak - Wathne: Rekkefølgjekrav – stort prosjekt å realisere kostnadsmessig og. Dei kan realisere fortau til avkørsel i nord og til avkørsel til Osterfjord. Dei store kostnadene ligg frå avkørsel til Osterfjord og sørover mot skulen. Tiltakshavar sier seg villig til å betale kostnadane som er stipulert i regulert løysning nr 3.

SVV - Sagstad: Saltverket er ikkje knytt noko rekkefølgjekrav til Gatland. Det er 80 sone og heilt andre krav. Vi må sjå på prosessen med fartsgrensene og sjå på priskalkylen. Hjelper ikkje å berre ha fortau på næringsområdet.

Tiltakshavar - Ahmer: Meiner ikkje det er rett at dei som bedrift skal ta på seg kostnaden med fortau til Gatland. Meiner SVV dreper initiativet til at det skjer noko utvikling i det hele tatt. Dette er ein realitet. Gløppemyra har brukt 10 mill på planen, utan å sitte igjen med noko gevinst enda pga kravande prosess. Meiner at ikkje alt skal ligge på ein utbygger som vil bidra til å utvikle bygda.

Asplan Viak - Wathne: Å legge fortau langs næringsområdet vil sikre dei mjuke trafikantane i planområdet med tanke på den auka trafikken som utvidinga vil skape.

SVV - Garen: Det er ikkje noko nytt med at omsyn til mjuke trafikantar skal vere ivaretatt inn mot skulen/sentrum. Fokuset har endra seg sidan 2012 med omsyn til sikkerheit, sykkelveg, skuleveg osv.

Asplan Viak – Wathne: Med tanke på Saltverket. Det er ein veg med 800 ÅDT, er det på denne type veg vi skal bruke trafikksikringsmidlane?

VLFK – Løtveit: Det er mykje dårleg veg i fylket, men i dette området, som vil vere eit satsingsområde, vil det vere eit aktuelt område der trafikksikringsmidlar kan brukast. Då må og vegen utbetraast, og det totale biletet seier at dei mjuke trafikantane må vere ivaretaken.

(Regulert 2 – full vegløysing med fortau)

Asplan Viak - Lerøy: rassikring i terrenget - fjellskjeringar som opparbeidast må ha med fjellnett. Nytt tiltak som krev sikring pga inngrep i terrenget. Eksisterande situasjon krev ikkje tiltak i form av sikring.

OK - Rystad: Vegen videre – orienterer om endring i ansvarsområda SVV og Fylket. Kommunen kjem til å legge planframleggjet ut til ny politisk handsaming og kommunen stillar seg bak det tiltakshavar er villig til å opparbeide.

SVV – Sagstad og Garen: Det er området frå næringsområdet og til skulen som er det prekære i denne planen. Ved opparbeiding av ny båthamn må omsyn til mjuke trafikantar og ivaretakast.

VLFK - Løtveit: Saknar kalkyle som visar redusert løysing frå næringsområdet til skulen.

Asplan Viak - Wathne: Dei store kostnadane ligg nettopp i å etablere fortauet i permanent posisjon.

VLFK – Løtveit: Foreslår å opparbeide eit fortau (redusert løysning), til mjuke trafikantar.

Asplan Viak – Wathne: ved fortau på innsida av fylkesvegen frå næringsområdet til skulen vil ei mogleg løysing vere eitt-felts veg med møteplassar.

OK – Rystad: regionalt nivå opnar for å gå utanfor handbøkene. Det er muligheter for å legge fortau ved berg, bygget ut med utkraging.

VLFK- Løtveit: opne for rekkefølgjekrav som er mindre, men vi vil stille krav om tilbod fram til skulen. Same krav som SVV.

Asplan Viak – Wathne: rekkefølgjekrav som seier at mjuke trafikantar skal ivaretakast, utan at det må innebære utbetring av fylkesvegen.

OK – Rystad: Rekkefølgjekrav som skisserer ein optimal løysing og med ein formulering som gjer at tiltakshavar kan komme i gang. Kva vil det koste med ein enklare løysing og etablere det som ein midlertidig løysing?

VLFK - Løtveit: vi er interessert i fortauet.

Anna: Er det realistisk å få trafikksikringsmidlar i dette området?

Vegen frå næringsområdet og inn mot skulen visast på google maps og alle ser at det er eit krevande parti for å få til noko midlertidig fortau.

SVV – Sagstad: informerer om at fartsgrense no litt hos fylkeskommunen.

VLFK – Løtveit: Det er fylkeskommunen som forbereder saken og SVV som gjer vedtaket om fartsgrense.

SVV - Sagstad: sjå plan i samanheng med Saltverket og Gatland (som ikkje er utbygd). Og helt andre krav i 80 sone for fortau enn i 50 sone.

Oppsummering:

Tiltakshavarar, plankonsulent og kommunen fekk orientere om løysningane som vi ser som mogleg å få til i planområdet.

Det vart ikkje einigkeit om omforente løysningar i planen. Statens vegvesen kjem med ein formell uttalelse frå 1.gongs høyring av planen.